



Saksprotokoll

Organ: **Fylkesutvalet**

Møtedato: 02.10.2019

Sak nr.: 18/2150-15
Internt I.nr.: 59796/19

Sak: 80/19

Tittel: **Årdal - Kommuneplan for Årdal kommune 2019 - 2030 - samfunnsdelen**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Hausten 2019 startar ein ny kommunestyreperiode. For å sikre god politisk forankring vert det tilrådd at planen, inkl. handlingsdelen, vert vedteken av (eller vedteken på nytt av) nytt kommunestyre.
2. Samfunnsdelen skal ha ein handlingsdel, eller må skildre korleis planarbeidet dekker kravet om handlingsdel. Handlingsdelen bør detaljerast slik at målsettingane i planen vert følgt opp gjennom konkrete tiltak. I tillegg bør samfunnsdelen ha føringar for arealdelen. Vi rår til at dette vert ivaretake/innarbeidd i høyningsutkastet.
3. Under temaa «Klima og miljø» og «Samfunnstryggleik» bør planen omhandle temaet handtering av overvatn.
4. Under tema «Næringsutvikling» bør planen skildre korleis kommunen i samarbeid med næringslivet skal bidra til det grøne skiftet, og det bør gjevast føringar eller målsettingar knytt til berekraft for satsinga på næringsutvikling.
5. Under tema «Vassmiljø» bør det setjast mål knytt til tilstanden på vassmiljø, og korleis ein skal oppnå dei overordna miljømåla som er sette i Vann-nett og regional plan for vassforvaltning.
6. Temaet Kulturminne og kulturmiljø bør omtalast, og mål, strategiar og tiltak for kulturminne/-miljø bør inngå i samfunnsdelen og handlingsplanen til samfunnsdelen.